

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Viser til muntleg spørsmål i møte i finansutvalet i dag og sender det med dette skriftleg: Kan fylkesrådmannen legge fram ein oversikt over prisane på dei ulike reiseprodukta til Skyss/Kringom dersom ein ikkje aukar prisane med meir enn prisvekst, prisen på ordinære enkeltbillettar vert holdt til kr. 39,- og der midlar til reduserte billettprisar i Byvekstavtalen er innarbeida?

I tillegg ber ein fylkesrådmannen om å gjere greie for plan og tidspunkt for justering av takstar knytta til innarbeida av midlane frå byvekstavtalen og prisjustering for 2021.

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

**Taksttabell med fylgjande føresetnader:**

Grunnlag prisvekst 2,5 % i 2021. Takstauke på enkeltbillett er uendra. Midlar til reduserte billettprisar i Byvekstavtalen er innarbeida. Uendra pris enkeltbillettar gjev eit ekstra behov på kr 6-8 mill. i auka ramme. Utrekninga er basert på passasjertall i ein normalsituasjon (2019).

<b>Billett Buss/bane</b>	<b>Takst 2020</b>	<b>Takst 2021-NY</b>
Enkeltbillett vaksen	39	39
Enkeltbillett barn/honnør	20	20
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
Enkeltbillett Militær	39	39
24-timabillett vaksen	100	100
24-timabillett barn	50	50
24-timabillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg vaksen	250	230
Periodebillett 7 dg barn	125	115
Periodebillett 7 dg honnør	125	115
Periodebillett 7 dg student	150	140
Periodebillett 30 dg vaksen	800	735
Periodebillett 30 dg barn	400	370
Periodebillett 30 dg honnør	400	370
Periodebillett 30 dg student	480	440
Ugdombillett 30 dg	400	370
Periodebillett 180 dg vaksen	4000	3675
Periodebillett 180 dg barn	2000	1840
Periodebillett 180 dg honnør	2000	1840
Periodebillett 180 dg student	2400	2205

Tilrådinga er å gjennomføre årleg prisjustering og innarbeidinga av midlar til reduserte billettprisar byvekstavtalen samstundes. Vi kan dermed informere marknaden om to hendingar på same tidspunkt. Tidspunkt for årleg prisjustering er normalt 1. februar. Administrasjonen kan klare å framskunde endringane til 15.januar om dette er ønskjeleg.